



Engelsk 2 for 5.–10. årssteg



Vidareutdanninga er retta mot lærarar i grunnskulen, og kvalifiserer for undervisning i engelsk språk, fagdidaktikk og litteratur/kultur. Studiet er ein del av "Kompetanse for kvalitet", Kunnskapsdepartementet sitt program for vidareutdanning av lærarar.

Studieinnhald

Studentane skal fordjupe seg i engelsk språk, fagdidaktikk og litteratur/kultur som kvalifiserer til undervisning i faget på mellom- og ungdomssteget. Studiet omfattar kunnskap om grammatiske og fonologiske strukturar i det engelsk språket og utvikling av eiga språkferdigheit, tekstkompetanse og produktivt ordforråd. Studiet tek for seg kulturuttrykk og samfunnmessige trekk frå heile den engelskspråklege verda, samt skjønnlitteratur, dramatikk og poesi. Kunnskap om og trening i å lese og bruke litterære tekstar for unge står sentralt i studiet. Det blir lagt vekt på engelskundervisning for 5.-10. årssteg, kva som kjenneteiknar elevane i denne aldersgruppa og deira språkutvikling. Studentane vil få innsikt i ulike læringsaktivitetar og arbeidsmåtar.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Emnet er nettbasert med to 2-dagars samlingar i Volda kvart semester. Nettundervisning vert gitt i læringsportalen Canvas og Adobe Connect. Studenten må ha tilgang til datamaskin med internett, nødvendig programvare og utstyr som webkamera og hovudtelefon med mikrofon. For å gå opp til eksamen i eit emne må alle arbeidskrav knytt til emnet vere oppfylt.

Aktuelle yrke og vidare studium

Studiet kvalifiserer for å undervise i engelsk på 5.–10. årssteg i grunnskulen.

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Fullført lærarutdanning (allmennlærer-, grunnskulelærer-, eller praktisk pedagogisk utdanning) inkludert/og 30 stp i engelsk.

Søknadsfrist: 01. mars i Stengt for søking

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no